A.624

MOTTEKE
18 NOV. 1982
Meland formannskapskontor

# N O T A T

frå møte mellom Frank Mohn A/S og Meland kommune vedk. erverv av industriareal på Flatøy.

---

Det vart halde møte torsdag 11.11.82 hos Frank Mohn A/S i Helldalen.

Desse møtte:

Frå Frank Mohn A/S:

G. Lien,
M. Dale,
S.A. Dale.

Frå Meland kommune:

H. Wiig Andersen,
H. Thorsen,
R. Bjørndal,
J.H. Bjordal.

Meland kommune gjorde greie for dei samtaler kommunen har hatt med grunneigar av gnr. 1, bnr. 1, på Flatøy, adv. Y. Borthen og Olav Flatøy.
Slik stoda er pr. d.d. vil kommunen kunne tilby seg å skaffe erstatningsareal hos Olav Flatøy (ca. 16 da. - pris ca. kr. 7,- pr. kvm.). Dersom visse føresetnader, m.a. planering og påfylling av erstatningsjord, vert oppfylt, vil kommunen kunne finne fram til ei minneleg ordning med grunneigar av gnr. 1, bnr. 1.

Frå kommunen vart det lagt fram skriv frå Nordhordland Forsøksring vedk. bruksverdiutrekning ved permanent tap av det aktuelle areal. Likeeins vart det stipulert ein sum vedk. årleg kostnad for avlingstap av det området som skal erververvast.

forts.

Etter framlegg frå Frank Mohn A/S ved M. Dale forplikter kommunen seg til å framskaffe ei utrekning av kostnader, som gjeld ferdiggjering/oppdyrking av dei grovplanerte massene som vert plassert på erstatningsarealet. Frank Mohn Flatøy A/S legg fram for kommunen dei utrekningar som tidlegare er gjort vedk. jordmasser m.m..

Frekhaug, 16. november 1982.

Helge Thorsen

Vert sendt: Frank Mohn A/S,
Frank Mohn Flatøy A/S,
Meland kommune.

MELAND KOMMUNE
Kontorsjefen
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Frank Mohn Flatøy A/S,
5113 FLATØY.

Dykkar ref.: Vår ref.: HT/je Dato 7. februar 1983.

**Vedk. avtale om grunnavståing - Johan Albert Sudmann og Frank Mohn Flatøy A/S.**

./. Vedlagt følgjer framlegg til avtale mellom Johan Albert Sudmann og Frank Mohn Flatøy A/S.

Kontraktsframlegget er utarbeidd av adv. Yngve Borthen på vegne av Johan Albert Sudmann, etter samrådingsmøte med Meland kommune.

Ein torer be om at Frank Mohn Flatøy A/S vurderer framlegget, - og at utkastet seinare vert drøfta i eit møte mellom Frank Mohn Flatøy A/S og kommunen.

Då saka hastar, torer ein alt no føreslå eit møte i kommunehuset på Frekhaug,

tysdag 15. februar 1983, kl. 12.30.

Frå kommunen vil møta eitt formannskapsmedlem, førstesekretær ved formannskapskontoret og rådmann.

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

VEDLEGG.

MELAND KOMMUNE
Kontorsjefen
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Johan Albert Sudmann,
5113 FLATØY.

Dykkar ref.: Vår ref.: HT/je Dato 12. januar 1983.

Vedk. erverv av areal til Frank Mohn Flatøy A/S.

Viser til tidlegare møte og samtalar i saka.

Meland kommune har no fått istand avtale med Olav Flatøy om kjøp av eventuelt areal for bruk som makeskifte med Dykk. Likeeins har Frank Mohn Flatøy A/S akseptert kostnadene vedk. oppdyrking av det aktuelle jordbruksarealet.

Meland kommune ser det som viktig at ein snarleg kjem til ei avklaring i saka.
Ein torer difor føreslå at De og Meland kommune kjem saman til eit drøftingsmøte, - der ein konkret drøfta dei øvrige vilkår vedk. ovannemnde erverv.

Ein vil føreslå at møtet vert halde i møterommet ved kommunehuset på Frekhaug

onsdag 19. januar 1983 kl. 09.00.

Forutan ordførar, - vil rådmann og førstesekretær ved formannskapskontoret vera til stades.

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

Kopi: Adv. Yngve Borthen, Postboks 4132, 5015 Bergen/Dreggen.
Frank Mohn Flatøy A/S, 5113 Flatøy.

MELAND KOMMUNE
Kontorsjefen
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Frank Mohn Flatøy A/S,
v/M. Dale,
5113 FLATØY.

Dykkar ref.: | Vår ref.: HT/je | Dato 29. desember 1982.

Vedk. erverv av grunn frå Johan Albert Sudmann til Frank Mohn Flatøy A/S.

Ein vil vise til tidlegare samtalar vedk. ovannemnde.

./. I samsvar med avtale fylgjer vedlagt framlegg til avtale om kjøp av del av gnr. 1, bnr. 3, og kostnadsoverslag for dyrking av jordbruksareal.

Når det gjeld kjøp av del av gnr. 1, bnr. 3, har Meland kommune fått skriftleg erklæring frå Olav Flatøy om at han vil underskriva framlegg til kjøpekontrakt.
Likeeins bør ein vera merksam på at det kostnadsoverslaget som er utarbeidd av Landbrukskontoret i Meland, - er eks. m.v.a.

Meland kommune torer med dette be om å få ein uttale frå Frank Mohn Flatøy A/S vedk. framlegg til kjøpekontrakt og kostnadsoverslag.

Ein vil også be om å få skriftleg aksept på at kommunen kan føre vidare dei tingingar som ein no må ta opp med Johan Albert Sudmann og hans advokat. Dersom Frank Mohn Flatøy A/S ynskjer å ta direkte del i desse tingingane, ber me om å få dette opplyst.

Endeleg vil kommunen be om å få forslag til eventuelt tidspunkt for eit møte mellom kommunen og Frank Mohn Flatøy A/S, dersom dette er ynskjeleg.

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

MELAND KOMMUNE
Kontorsjefen
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Heradsagronom Sigmund Austegard,
<u>H E R .</u>

Dykkar ref.:  Vår ref.: HT/je  Dato 20. desember 1982.

<u>Vedk. berekning av opparbeiding av jordbruksareal - Johan Albert Sudmann.</u>

Viser til samtale i dag.
Det aktuelle området som skal makeskiftast er ca. 13 da. Etter planen skal Johan Albert Sudmann verta heimelshavar for eit utmarksområde som i dag tilhøyrer Olav Flatøy.

Ved vurderinga når det gjeld opparbeidinga av ovannemnde område til jordbruksføremål, - må ein setje som føresetnad at utbyggjar skal planere og tilretteleggje arealet før jordmassane vert tilkøyrt. Jordmasse skal likeeins sorterast av utbyggjar, - slik at leire, grus m.m. først skal tilkøyrast og planerast. Deretter skal matjord tilkøyrast og planerast.

Då ein ynskjer at Johan Albert Sudmann sjølv skal føreta den endelege bearbeidinga av jorda, - torer ein be om at ein freistar å rekna ut kor stor kostnad som må påreknast ved opparbeiding av ovannemnde område til landbruksføremål. Denne kostnaden må også inkludere utgifter til turvande grøfter.

Eit event. kostnadsoverslag er tenkt nytta ved berekning av erstatning til Johan Albert Sudmann.

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

# N O T A T

frå møte mellom Frank Mohn A/S og Meland kommune vedk. erverv av industri-areal på Flatøy.

---

Det vart halde møte torsdag 11.11.82 hos Frank Mohn A/S i Helldalen.

Desse møtte:

Frå Frank Mohn A/S:

G. Lien,
M. Dale,
S.A. Dale.

Frå Meland kommune:

H. Wiig Andersen,
H. Thorsen,
R. Bjørndal,
J.H. Bjordal.

Meland kommune gjorde greie for dei samtaler kommunen har hatt med grunneigar av gnr. 1, bnr. 1, på Flatøy, adv. Y. Borthen og Olav Flatøy.
Slik stoda er pr. d.d. vil kommunen kunne tilby seg å skaffe erstatningsareal hos Olav Flatøy (ca. 16 da. - pris ca. kr. 7,- pr. kvm.). Dersom visse føresetnader, m.a. planering og påfylling av erstatningsjord, vert oppfylt, vil kommunen kunne finne fram til ei minneleg ordning med grunneigar av gnr. 1, bnr. 1.

Frå kommunen vart det lagt fram skriv frå Nordhordland Forsøksring vedk. bruksverdiutrekning ved permanent tap av det aktuelle areal. Likeeins vart det stipulert ein sum vedk. årleg kostnad for avlingstap av det området som skal erververvast.

forts.

Etter framlegg frå Frank Mohn A/S ved M. Dale forplikter kommunen seg til å framskaffe ei utrekning av kostnader, som gjeld ferdiggjering/oppdyrking av dei grovplanerte massene som vert plassert på erstatningsarealet. Frank Mohn Flatøy A/S legg fram for kommunen dei utrekningar som tidlegare er gjort vedk. jordmasser m.m..

Frekhaug, 16. november 1982.

Helge Thorsen

Vert sendt: Frank Mohn A/S,
Frank Mohn Flatøy A/S,
Meland kommune.

Rej. F 3/11-82 1 A.624

# N O T A T

til formannskapt vedk. erverv av areal i høve utviding av Frank Mohn Flatøy A/S.

Rådmannen har den 1.11.d.å. konferert med Olav Flatøy vedk. sal av større utmarksstykke, - til bruk som makeskifte mellom Frank Mohn Flatøy A/S og eigar av gnr. 1, bnr. 1, Johan Albert Sudmann.

Olav Flatøy stadfestar tidlegare tilbod om sal av ca. 16 da av si utmark.
Det er ein føresetnad at dei nye grenselinene skal gå rett over bruket.

Når det gjeld pris pr. kvm. for dette stykket, - ynskjer Olav Flatøy å diskutere dette ved eit seinare høve. Oppgjer kan skje ved grunnkjøps-obligasjonar, - etter avtale.

RÅDMANNEN I MELAND
Helge Thorsen

Kopi: Olav Flatøy

MELAND KOMMUNE
Ordføraren
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Olav Flatøy,
5113 FLATØY.

Dykkar ref.: Vår ref.: HT/je Dato 1. oktober 1982.

Vedk. erverv av areal - utviding av Frank Mohn Flatøy A/S.

Ein vil vise til møte 15.09.82 vedk. ovannemnde.

Firma Frank Mohn Flatøy A/S har i mange år hatt ynskje om å erverva ca. 11 da på eigedomen til Johan Albert Sudmann. - til bruk for vidare utbygging av bedrifta.

Då utbyggjar i første omgang ikkje har fått istand avtale med grunneigar, har utbyggjar vendt seg til kommunen og bede om at det vert føreteke ekspropriasjon.
Kommunestyret gjorde i møte 26.05.82, sak nr. 61/82 slikt vedtak:

> "Kommunestyret godkjenner at Meland kommune tek sikte på å erverva omsøkte areal av gnr. 1, bnr. 1 på Flatøy, eigar Johan Albert Sudmann, i høve utviding av Frank Mohn A/S.
> Føresetnaden er at det før erverv skjer, er ordna med erstatnings-areal for plassering og utnytting av matjord slik det er føresett av Miljøverndepartementet"

I samband med godkjenning av Generalplan for Meland, har Miljøverndepartementet i skriv d. 06.07.79 rådd til utbygging på ovannemnde område "..under føresetnad av at matjord i størst mogeleg grad blir teken vare på, eventuelt ved flytting slik det blei gjort på tidlegare utbygd areal."

Kommunen har hatt drøftingsmøte både med Frank Mohn Flatøy A/S og Johan Albert Sudmann vedk. ovannemnde.

Slik stoda no er, synes det som om ein kan finne fram til ei minneleg ordning, - dersom Miljøverndepartementet sine vilkår kan verta oppfylte.

Dette inneber m.a. at Johan Albert Sudmann må få tilbod om erstatningsjord innafor ein rimeleg nærleik av sitt bruk.
Med tilvising til tidlegare samtalar med Dykk, torer Meland kommune be om De kan stille til rådvelde ca.  da. av Dykkar utmark (sjå vedlagte kart), til bruk som erstatningsjord for gnr. 1, bnr. 1, eigar Johan Albert Sudmann. Det er ein føresetnad at Johan Albert Sudmann skal få eigedomsretten til omsøkte parsell, - og at den skal opparbeidast til bruk for landbruksføremål.

Meland kommune vil kunne tilby oppgjer i form av grunnkjøpsobligasjonar, til dømes med tilbakebetaling ved halvårlege annuitetar over 15 år.
Når det gjeld kvm-pris, vil ein kunne tilby kr. 6,- pr. kvm.

Av omsyn til det vidare arbeid med saka, - torer ein be om snarleg svar frå Dykk.

Dersom det er trong for fleire opplysningar, kan De ta kontakt med rådmannen.

MELAND FORMANNSKAPSKONTOR

Harry Wiig Andersen
ordførar

Helge Thorsen
rådmann

# N O T A T

frå møte mellom Johan A. Sudmann og Meland kommune, vedk. erverv av areal til Frank Mohn Flatøy A/S.

Det var innkalt til møte 8.9.82 kl. 10.15 i møtelokalet til administrasjonshuset på Frekhaug, - vedk. ovannemde.

| | |
|---|---|
| Frå grunneigar møtte: | Johan Albert Sudmann |
| | Kjellfrid Sudmann |
| | Adv. Yngve Borthen |
| Frå kommunen møtte: | Ordførar Harry Wiig Andersen |
| | Førstesekretær Roald Bjørndal |
| | Rådmann Helge Thorsen |

Partane var samde om at møtet skulle vera uformelt, - der ein i første rekke skulle utveksle meiningar om ekspropriasjon/minneleg ordning, event. pris og event. tilleggsareal,på fritt grunnlag.

Ordføraren orienterte om dei siste samtalane med Frank Mohn Flatøy A/S. Likeeins vart det orientert om føresetnadene for eit event. erverv, - slik dei framkjem i godkjenninga av generalplanen.

Johan Albert Sudmann la fram ei bruksverdiutrekning for det aktuelle området. Ymse alternativ for tilleggsareal vart drøfta.
Utifrå dei opplysningar som kom fram, ynskte kommunen å arbeide vidare med spørsmålet om tilleggsareal. Når det ligg føre meir eksakte opplysningar, vert dette presentert skriftleg for grunneigar, - samstundes som Meland kommune tek initiativ til eit nytt møte.

Innkallingar til møte, korrespondanse m.v. vert å senda til Johan Albert Sudmann, med kopi til adv. Yngve Borthen.

Frekhaug, 8. september 1982.

Helge Thorsen

Vert sendt:
Deltakarane på møtet.

MELAND KOMMUNE
Formannskapskontoret
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Johan Albert Sudmann,
5113 Flatøy.

Dykkar ref.: Vår ref.: -/je Dato 26. august 1982.

Vedk. erverv av industriareal på Flatøy.

For å drøfta ovannemnde sak, vert De med dette kalla inn til møte på formannskapskontoret

onsdag ~~1.~~ 8 september 1982, kl. ~~09.00~~ 10.15.

MELAND FORMANNSKAPSKONTOR
Harry Wiig Andersen
ordførar

Jorun Eikevik
Jorun Eikevik
sekr.

NOTAT FRÅ MØTE MELLOM REPRESENTANTAR FRÅ MELAND KOMMUNE OG FRANK MOHN FLATØY A/S VEDK. ERVERV AV INDUSTRIAREAL PÅ FLATØY.

Det var innkalt til møte over telefon i administrasjonslokalet på Frekhaug, til laurdag 3. juli 1982 kl. 09.00.

Desse møtte frå kommunen: Ordførar Harry Wiig Andersen
1.sekr. Roald Bjørndal

Frå Frank Mohn Flatøy A/S møtte:
Soussjef G. Lien
Produksjonssjef Marvid Dale
Driftsing. Svein Arne Dale

Møtet var kome i stand for å drøfta spørsmålet om erverv av industriareal på Flatøy, gnr. 1 bnr. 1, etter at saka vart handsama i kommunestyret den 2. juni 1982.

Ordførar Harry Wiig Andersen gjorde greie for handsaminga av saka i formannskap og kommunestyre.

Ein del prinsippielle sider ved godkjenninga av arealbruken i generalplanen, og vilkåra som Miljøverndepartementet har sett, vart drøfta.
Vidare vart drøfta alternative løysingar for erstatningsareal for eigar av bnr. 1, og forskjellige måtar for best mogeleg å kunne ta vare på matjorda ved utbygging på det aktuelle industriarealet.

Ordføraren opplyste at kommunen snarast vil be om eit møte med eigar av gnr. 1, bnr. 1, på Flatøy, Johan Albert Sudmann, for å drøfta saka.

Av omsyn til ferietid reknar ein ikkje med å få til eit møte før i midten av august månad.

Frekhaug, 3. juli 1982.

Roald Bjørndal

Vert sendt: Ordførar Harry Wiig Andersen
Rådmann Helge Thorsen
Frank Mohn Fatøy A/S
Frank Mohn A/S Helldal

**NOTAT FRÅ MØTE MELLOM REPRESENTANTAR FRÅ MELAND KOMMUNE OG FRANK MOHN FLATØY A/S VEDK. ERVERV AV INDUSTRIAREAL PÅ FLATØY.**

Det var innkalt til møte over telefon i administrasjonslokalet på Frekhaug, til laurdag 3. juli 1982 kl. 09.00.

Desse møtte frå kommunen: Ordførar Harry Wiig Andersen
1.sekr. Roald Bjørndal

Frå Frank Mohn Flatøy A/S møtte:
Soussjef G. Lien
Produksjonssjef Marvid Dale
Driftsing. Svein Arne Dale

Møtet var kome i stand for å drøfta spørsmålet om erverv av industriareal på Flatøy, gnr. 1 bnr. 1, etter at saka vart handsama i kommunestyret den 2. juni 1982.

Ordførar Harry Wiig Andersen gjorde greie for handsaminga av saka i formannskap og kommunestyre.

Ein del prinsippielle sider ved godkjenninga av arealbruken i generalplanen, og vilkåra som Miljøverndepartementet har sett, vart drøfta.
Vidare vart drøfta alternative løysingar for erstatningsareal for eigar av bnr. 1, og forskjellige måtar for best mogeleg å kunne ta vare på matjorda ved utbygging på det aktuelle industriarealet.

Ordføraren opplyste at kommunen snarast vil be om eit møte med eigar av gnr. 1, bnr. 1, på Flatøy, Johan Albert Sudmann, for å drøfta saka.

Av omsyn til ferietid reknar ein ikkje med å få til eit møte før i midten av august månad.

Frekhaug, 3. juli 1982.

R. Bjørndal
Roald Bjørndal

Vert sendt: Ordførar Harry Wiig Andersen
Rådmann Helge Thorsen
Frank Mohn Fatøy A/S
Frank Mohn A/S Helldal

# Særutskrift av møteboka

for Meland kommunestyre

sak nr. 61 i møte den 2. juni 1982.

Av 27 medlemer var 27 til stades (møtande varamenn medrekna).

Vedk. utviding av Frank Mohn Flatøy A/S
- erverv av areal.
A.nr. 620.

Formannskapssak nr. 91 i møte den 19.05.82.

Det låg føre skriv d. 01.06.82 frå styret i Meland Bondelag, som vart opplese av ordføraren.

Framlegg frå Johan Andersen, DLF:

"Kommunestyret godkjenner at Meland kommune tek sikte på å erverva omsøkte areal av gnr. 1, bnr. 1 på Flatøy, eigar Johan Albert Sudmann, i høve utviding av Frank Mohn A/S.

Føresetnaden er at det før erverv skjer, er ordna med erstatningsareal for plassering og utnytting av matjord slik det er føresett av Miljøverndepartementet."

Framlegg frå Erik Henanger, Kr.F.:

"Saka vert utsett."

Det vart først røysta over utsetjingsframlegget.
Framlegget fekk 7 røyster, 20 røysta imot.

Så vart det røysta over Sølvi Knudsen sitt framlegg i formannskapet.
Dette framlegget fekk 4 røyster, 23 røysta imot.

Til slutt vart det røysta over Johan Andersen sitt framlegg.
Dette vart vedteke med 23 mot 4 røyster.

Rett utskrift.

Frekhaug, 10. juni 1982.

Jorun Eikevik
sekr.

Sendt: Frank Mohn Flatøy A/S,
Johan Albert Sudmann,
Meland Bondelag
v/Odd Stokke,
Landbruksnemnda,
Teknisk etat.

Nr. S. 153. Boktrykk-Norsk Skjemaforlag, Bergen

19.05.1982.

# MØTEBOK

for Meland formannskap

sak nr. 91 i møte den 19. mai 1982.

Av 7 medlemer var 6 til stades.

Vedk. utviding av Frank Mohn Flatøy A/S
- erverv av areal.
A.nr. 620

Pådmannen 13.05.82:

"Ligg føre skriv d. 26.3.82 frå Frank Mohn Flatøy A/S.

Etter i lengre tid å ha freista frivuljug sal av areal på gnr. 1, bnr. 1 på Flatøy, - er det no klårt at grunneigar har avslege tilbodet frå Frank Mohn Flatøy A/S.

Firmaet ber i ovannemnde skriv om at kommunen no oreignar turvande grunn.

Utnyttinga av området er skissert på eige kartblad (sjå vedlegg).

Representantar frå Meland kommune har hatt kontakt både med grunneigar og med Frank Mohn Flatøy A/S i saka.

Grunneigar vurderer arealet som særs viktig i samband med gardsdrifta. Frank Mohn Flatøy A/S gjev uttrykk for at det er ein absolutt føresetnad for vidare utvikling og sikring av arbeidsplassar, at større areal vert stilt til rådvelde.

I samband med godkjenning av generalplanen har Miljøverndepartementet i skriv d. 6.7.79 skrive m.a. slik:

"<u>4.6. Flatøy.</u>

Landbruksdepartementet stør fylkeslandbruksstyret si fråsegn om ikkje å tilrå utbygging av ca. 11 daa. jordbruksareal sør for industriområdet på Flatøy. Området er flat og god jordbruksjord, og er utvidingsareal for Frank Mohn Flatøy A/S. Denne bedrifta har dei seinare åra investert mykje på Flatøy, og bedrifta har konkrete planar om vidare investeringar med det første. Kommunen karakteriserar bedrifta som ei nøkkelbedrift, og legg vekt på at fleire arbeidarar ved bedrifta driv gardsbruk ved sida av, og såleis skaffar seg inntektsgrunnlag til å oppretthalda gardsdrifta. Det finst ikkje andre areal i tilknytning til det eksisterande som høver for vidare utbygging.

Miljøverndepartementet meiner at ein her må leggja avgjerande vekt på det verd bedrifta har for kommunen, og på dei store investeringane som alt er gjort i området, m.a. på areal frigjeve av landbruksstyremaktene i 1971. Etter ei total vurdering finn departementet difor å kunne tilrå utbygging, under føresetnad av at matjord i størst mogeleg grad blir teken vare på, eventuelt ved flytting slik det blei gjort på tidlegare utbygd areal. Vi føreset og at arealet blir dreve som jordbruk inntil utbygging finn stad."

forts. sak nr. 91

Med bakgrunn i at Miljøverndepartementet har tilrådd utbygging, - må ein kunne pårekne at det ikkje vert vanskar med arealdisponeringa.

Rådmannen vil peike på det verd Frank Mohn Flatøy A/S har både for Meland kommune og for Nordhordland. Med tilvising til dei opplysningar som kjem fram i skriv d. 26.3.82 frå Frank Mohn Flatøy A/S og dei planane som ligg føre vil rådmannen rå til at det vert teke initiativ til å få erverva omsøkte areal.

Saksgangen vidare vil verta såleis:

- formannskap/kommunestyre gjer event. vedtak om erverv
- forhandlingar med grunneigar
- event. varsel om oreigning
- formannskap/kommunestyre gjer event. vedtak om å søkja om oreigning
- skjønn

Det vil såleis ikkje på noverande tidspunkt vera aktuelt å fatta vedtak om oreigning, då grunneigar ikkje har hatt høve til å gje uttale.

Rådmannen vil rå til at det vert gjort slikt vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at Meland kommune tek sikte på å erverva omsøkte areal av gnr. 1, bnr. 1 på Flatøy, eigar Johan Albert Sudmann, i høve utviding av Frank Mohn Flatøy A/S.""

Sølvi Knudsen kom med slikt framlegg:

"Kommunestyret finn ikkje å imøtekoma søknaden frå Frank Mohn Flatøy A/S når det gjeld erverving av areal av gnr. 1, bnr. 1, på Flatøy."

Det vart først føreteke prøverøysting, som gav slikt resultat:

Rådmannen si tilråding fekk 3 røyster (H. Wiig Andersen, Alfred Mangerøy og Jakob P. Skurtveit).

Sølvi Knudsen si tilråding fekk 3 røyster (Sølvi Knudsen, Edvard Larsen og Laila Nygård).

Den endelege røystegjevinga gav same resultat:

Rådmannen si tilråding: 3 røyster.

Sølvi Knudsen si tilråding: 3 røyster.

Rett utskrift.

Frekhaug, 10. juni 1982.

Jorun Eikevik
sekr.

Sendt: Frank Mohn Flatøy A/S,
Johan Albert Sudmann,
Meland Bondelag,
v/Odd Stokke,
Landbruksnemnda, Teknisk etat.

MELAND KOMMUNE
Kontorsjefen
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Meland formannskap
H e r .

Dykkar ref.: Vår ref.: HT/je Dato 13. mai 1982.

Vedk. utviding av Frank Mohn Flatøy A/S
- erverv av areal.
A.nr. 620

"Ligg føre skriv d. 26.3.82 frå Frank Mohn Flatøy A/S.

Etter i lengre tid å ha freista frivuljug sal av areal på gnr. 1, bnr. 1 på Flatøy, - er det no klårt at grunneigar har avslege tilbodet frå Frank Mohn Flatøy A/S.

Firmaet ber i ovannemnde skriv om at kommunen no oreignar turvande grunn.

Utnyttinga av området er skissert på eige kartblad (sjå vedlegg).

Representantar frå Meland kommune har hatt kontakt både med grunneigar og med Frank Mohn Flatøy A/S i saka.

Grunneigar vurderer arealet som særs viktig i samband med gardsdrifta. Frank Mohn Flatøy A/S gjev uttrykk for at det er ein absolutt føresetnad for vidare utvikling og sikring av arbeidsplassar, at større areal vert stilt til rådvelde.

I samband med godkjenning av generalplanen har Miljøverndepartementet i skriv d. 6.7.79 skrive m.a. slik:

"4.6. Flatøy.

Landbruksdepartementet stør fylkeslandbruksstyret si fråsegn om ikkje å tilrå utbygging av ca. 11 daa. jordbruksareal sør for industriområdet på Flatøy. Området er flat og god jordbruksjord, og er utvidingsareal for Frank Mohn Flatøy A/S. Denne bedrifta har dei seinare åra investert mykje på Flatøy, og bedrifta har konkrete planar om vidare investeringar med det første. Kommunen karakteriserar bedrifta som ei nøkkelbedrift, og legg vekt på at fleire arbeidarar ved bedrifta driv gardsbruk ved sida av, og såleis skaffar seg inntektsgrunnlag til å oppretthalda gardsdrifta. Det finst ikkje andre areal i tilknytning til det eksisterande som høver for vidare utbygging.

Miljøverndepartementet meiner at ein her må leggja avgjerande vekt på det verd bedrifta har for kommunen, og på dei store investeringane som alt er gjort i området, m.a. på areal frigjeve av landbruksstyremaktene i 1971. Etter ei total vurdering finn departementet difor å kunne tilrå utbygging, under føresetnad av at matjord i størst mogeleg grad blir teken vare på, eventuelt ved flytting slik det blei gjort på tidlegare utbygd areal. Vi føreset og at arealet blir dreve som jordbruk inntil utbygging finn stad."

Med bakgrunn i at Miljøverndepartementet har tilrådd utbygging, - må ein kunne pårekne at det ikkje vert vanskar med arealdisponeringa.

Rådmannen vil peike på det verd Frank Mohn Flatøy A/S har både for Meland kommune og for Nordhordland. Med tilvising til dei opplysningar som kjem fram i skriv d. 26.3.82 frå Frank Mohn Flatøy A/S og dei planane som ligg føre vil rådmannen rå til at det vert teke initiativ til å få erverva omsøkte areal.

Saksgangen vidare vil verta såleis:

- formannskap/kommunestyre gjer event. vedtak om erverv
- forhandlingar med grunneigar
- event. varsel om oreigning
- formannskap/kommunestyre gjer event. vedtak om å søkja om oreigning
- skjønn

Det vil såleis ikkje på noverande tidspunkt vera aktuelt å fatta vedtak om oreigning, då grunneigar ikkje har hatt høve til å gje uttale.

Rådmannen vil rå til at det vert gjort slikt vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at Meland kommune tek sikte på å erverva omsøkte areal av gnr. 1, bnr. 1 på Flatøy, eigar Johan Albert Sudmann, i høve utviding av Frank Mohn Flatøy A/S.""

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

Møtedato 2/6 82

Sak. nr. 61

Forslagsstillar Johan Andersen DLF.

Kommunestyret godkjenner at Meland Kommune tek sikte på å erverva omsøkte areal av gnr. 1, bnr. 1 på Flatøy, eigar Johan Albert Sudmann, i høve utviding av Frank Mohn A/S.

Føresetnaden er at det før erverv skjer, er ordna med erstatningsareal for plassering og utnytting av matjord slik det er føresett av Miljøverndepartementet.

Forslag fra Meland Arbeiderparti

Sak 91 19/5-82

Rådmannen sin tilråding

+ Forhandlinger må ta sikte på at grunneieren får kompensasjon for tapt areal.

Forslaget trukket.

Vedk. utviding av areal til Frank Mohn Flatøy A/S - erverv av grunn.

Gnr.1, bnr. 1 har i lang tid attende vore i full drift. Garden er overteken av unge folk som har satsa ei framtid på gardsdrift som næringsveg.

Den delen som det ligg føre søknad om å få kjøpa/oreigna (ca. 1o da) er det mest verdfulle jordbruksarealet på garden og er eit avgjerande grunnlag for gardsdrifta si lønsemd. Dette tilhøvet var Kommunestyret i 1975 - 79 merksam på ved at dei gjorde generalplanen så restrektiv på dette punktet. Der heiter det:"- dette området blir berre utbygd dersom det ligg føre tvingande grunn".

Av skrivet datert 26/3-82 frå Frank Mohn Flatøy A/S går det fram at eigaren av garden ikkje vil selja dette arealet.

Vedtak: Kommunestyret finn ikkje å kunna imøtekoma søknaden frå Frank Mohn Flatøy A/S når det gjeld erverving av areal av gnr.1, bnr. 1 på Flatøy.

Solvi Knudsen

Frekhaug 01.06.1982

Til Meland Kommunestyre.

Styret i Meland Bondelag er gjordt kjend med at Frank Mohn AS vil at kommunen skal ekspropiere ca 10 da fulldyrka jord fra Johan Albert Sudmann. og vil bemerka fylgjane.

Johan Albert har inversteret mykje dei siste åra. Han er nesten ferdig med ny driftsbygning. og har kjøpt nye redskaper. og maskiner.

Jorda ein no vil ta fra han er svært god matjord. viser til årsmeldinga for forsøksringene i Hordaland.

Misser han jorda vil det få store følgjer for driftsresultatet i åra framover. Sjølv om matjorda blir flytta vil det ta mange år før han får jorda i like god hevd på den nye plassen.

Når ein veit at dette er halvparten av den fulldyrka jorda hans, seier det seg sjølv at det vil gå hardt ut over økonomien i ein ellers trang periode.

Me håpar at kommunen vil ta hensyn til dette når planane til Frank Mohn skal takast opp. Og vurdere om det

er mulig å finna ei anna løysing på problema.
Visst det er ein ny produksjon / bedrift som skal startast, håper me det er mulig å skaffa egna areal ein annan stad, i kommunen som er mindre jordbruksnyttig.
Bondelaget ser med skepsis på at mykje av den offentlige utbygginga i kommunen har gått på bekostning av godt jordbruksareal.

Odd Stokke, formann.
(S)
Liv H. Hopland.

1 vedlegg.

## KÅLROT, SÅING OG PLANTING

*Innledning*

*Fordeler med rotvekstdyrkingen*

- *Rotvekster er et ypperlig for til mjølkekyr.*
- *Rotvekster kan delvis erstatte kraftfor i foringen.*
- *Rotvokster gir større avlinger, betydelig større enn gras.*
- *Rotvekstdyrking gir god jordstruktur.*

*Ulemper:*

- *Dyrking av og foring med rotvekster er forholdsvis arbeidskrevende.*
- *Dyrking av rotvekster i større målestokk krever god lagringsplass.*
- *Klumprot og rotmakk kan gjøre det problematisk med kålrotdyrkingen.*

*Som en ser er fordelene og ulempene med rotvekstdyrkingen, sammenlignet med grasdyrkingen, stort sett de samme som tidligere år. Det eneste nye som er kommet til er på tilskuddssiden. En får nå tilskudd for alt grovfor dyrket på garden, mens en etter de gamle reglene bare fikk for siloforet (silotrygden).*

*Konklusjon:*

- *Planting gir 1 1/2 til 2 ganger så stor avling som såing.*
- *Normalavling de siste årene, 1977-1981, har ved 40 cm. planteavstand ligget på ca. 1075 foreininger pr. da.*
- *Anbefalt planteavstand: 40 cm. til for, muligens 30 cm. til mat.*
- *Vi må finne fram til dyrkingsmetoder som er mindre arbeidskrevende, f.eks. bruk av plantemaskin (samarbeid!!) i kombinasjon med effektiv ugrasbekjempelse.*

*Forsøksplan*

| | |
|---|---|
| Såing, tynning til 25 cm. Oftanol i såfura | ledd a |
| Planting med 30 cm. avstand. Oftanol i jordklumpen | ledd b. |
| Planting med 40 cm. avstand. Oftanol i jordklumpen | ledd c. |
| Planting med 50 cm. avstand. Oftanol i jordklumpen | ledd d. |

Gjødsling med 150 kg fullgjødsel A pr. da. om våren (eller tilsvarende med husdyrgjødsel) + 40 kg borkalksalpeter til overgjødsling.

450 kg. brent (400 kg CaO) pr. da. eller tilsvarende mengder av andre kalkingsmidler.



*Tabell 9*

Avling (rot + 75% av bladavlingen) i kg. tørrstoff pr. da. forenheter pr. da. Prosent rotmakkangrepne planter i parentes.

| FELTVERT/HERAD | | SÅING 25 cm (a) | | PLANTING 30 cm (b) | 40 cm (c) | 50 cm (d) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| GUNNAR BORG, Vanylven | Kg t.s./da: | 419 | (63,8) | 911 (54,0) | 856 (54,8) | 811 (52,4) |
| | f.f.e./da : | 381 | | 829 | 779 | 738 |
| HAUGSVÆR, Masfjorden | Kg t.s./da: | 569 | (16,4) | 922 (11,6) | 914 ( 6,8) | 816 ( 7,0) |
| | f.f.e./da : | 518 | | 839 | 832 | 742 |
| JOHAN A. SUDMAN, Meland | Kg t.s./da: | 1136 | (10,1) | 1285 ( 6,9) | 1150 ( 8,7) | 1075 ( 6,4) |
| | f.f.e./da : | 1034 | | 1169 | 1047 | 978 |
| IVAR SEIM, Seimsfoss | Kg t.s./da: | 743 | (92,5) | 1249 (92,2) | 1254 (93,8) | 1210 (99,2) |
| | f.f.e./da : | 676 | | 1137 | 1141 | 1101 |
| OLE LANGELAND, Onarheim | Kg t.s./da: | 580 | ( 8,0) | 1107 ( 3,9) | 1071 ( 4,4) | 1001 ( 0,0) |
| | f.f.e./da : | 528 | | 1007 | 975 | 911 |
| MEDEL FOR 1981: | kg t.s./da: | 689 | (38) | 1095 (34) | 1049 (34) | 983 (33) |
| | f.f.e./da : | 627 | | 996 | 955 | 895 |
| | avlingen i %, ledd a = 100 : | 100 | | 159 | 152 | 143 |
| MEDEL FOR 1977 - 1981: | kg t.s./da: | 693 | (37) | 1298 (28) | 1181 (26) | 1039 (27)[1] |
| | f.f.e./ da: | 631 | | 1181 | 1075 | 946 |
| | avlingen i %, ledd a = 100 : | 100 | | 187 | 170 | 150 |

1) Medel for perioden 1978 -1981

*Kommentar til forsøksresultatene*

I medel for 5 forsøk har 30 cm. planteavstand (b) gitt størst avling i 1981: 1095 kg. tørrstoff pr. da. Ved 40 cm. planteavstand (c) gikk avlingen ned fra 1095 kg. til 1049 kg. tørrstoff pr. da. (-46 kg). Ved 50 cm. planteavstand (d) gikk avlingen ned fra 1095 kg. til 983 kg. tørrstoff pr. da. (-102 kg), altså godt å vel dobbelt så stor nedgang fra 30 til 50 cm. enn fra 30 til 40 cm. planteavstand - 46 kg mot 102 kg. tørrstoff pr. da.

Sammenlignet med såing har planting gitt fra 1.4 (1.43) til 1.6 (1.59) ganger så stor avling alt avhengig av planteavstand. Tørrstoffavlingen for såing (a) var i år på 689 kg. tørrstoff pr. da. Se ellers tallmaterialet i tabell 9. I enkelte distrikter har det i 1981 vært store angrep av rotmakk. Det er især angrepet av larvene til de store kålfluene som forvolder de store skadene. Dette angrepet finner sted fra slutten av juli til langt ut i august alt avhengig av klima og distrikt. Vi har derfor samlet inn over 800 pupper i høst i en såkalt klekkekasse slik at vi har nøyaktig kontroll med utklekkingen sommeren 1982. På denne måte har vi mulighet til å varsle når angrepet av den store kålflua kommer. En kan da sette i gang med bekjempelse på det rette tidspunkt.

Langtidspreparatene mot kålflue (Birlane, Oftanol) gir ikke god

A.624

MOTTEKE
23 FEB. 1982
Meland formannskapskontor

# N O T A T

Møte 10.02.82 mellom Meland kommune v/fung. ordførar Alfred Mangerøy og rådmann Helge Thorsen, og Johan Albert og Kjellfrid Sudmann vedk. erverv av evnt. tilleggsareal for Frank Mohn Flatøy A/S.

Ein viser til skriv d. 13.01.82 frå Frank Mohn Flatøy A/S.
Partane drøfta ulike sider ved eit evnt. erverv av det aktuelle området.
Kommunen orienterte om den vidare saksgang i saka.

Når Frank Mohn Flatøy A/S formelt ber kommunen om å ekspropriere, tek kommunen kontakt med grunneigar for nærare drøftingar.

Frekhaug 22. februar 1982.

Helge Thorsen

MOTTEKE
- 2 APR. 1982
Meland formannskapskontor

# FRANK MOHN FLATØY A/S

POST ................ N-5113 FLATØY - NORWAY
TELEPHONE: ............. BERGEN (05) 35 81 90
TELEX: ........................... 40 201 FRAFL N
BANKERS: DEN NORSKE CREDITBANK, BERGEN

Meland Kommune
v/ordfører H. Wiig-Andersen

5110 FREKHAUG

Deres ref. / Your ref.     Vår ref. / Our ref. GL/lat     FLATØY / Norway 26. mars 1982.

AD: EKSPROPRIASJON AV PARSELL AV G. NR. 1, B. NR. 1 AV FLATØY I MELAND, EIER JOHAN ALBERT SUDMANN, FLATØY.

---

I 1971 søkte vi om erverv av parsell av ovennevnte gård. Vi søkte om å få erverve ca. 20 da. av arealet mellom det opprinnelige industriområdet, som vi hadde kjøpt av Meland kommune i 1966, og vegen ned til fergeleiet på Flatøy. I den forbindelse viste vi til at vi var blitt lovet av ordfører og tiltakssjef i kommunen i 1966 å få kjøpe det areal industrien måtte ha bruk for mot sørøst. Den gang var man interessert i å få industriarbeidsplasser til kommunen fordi næringslivet i kommunen lå nede, der var fraflytting og mye pendling.

Da vi i 1971 ba om å få kjøpe det areal vi var blitt stilt i utsikt var det andre toner å høre. Det het nå at vi ville reise avgårde med noe av den beste jord i Hordaland osv. Til slutt ble det til at vi måtte be kommunen om hjelp til å erverve arealet under ekspropriasjonstrussel. Men ikke nok med dette - vi fikk bare halvparten av det areal vi hadde søkt om. Riktignok gikk Meland kommune inn for salg av det omsøkte området, jfr. vedtak av 24.2.71 og brev til jordstyret av 28.2.71. Dessuten tilrådet jordstyret det samme, jfr. vedtak av 18.3.71. Fylkeslandbruksstyret satte seg imidlertid imot dette, jfr. møte av 21.4.71. I møte av 7.7.1971 ble dette endelig fastslått, men det ble uttalt av flertallet:

"Fylkeslandbruksstyret vil likevel nemna at dette ikkje er til hinder for at Fylkeslandbruksstyret vil ta opp saka til ny handsaming dersom Flatøy Industri A/S (som firmaet dengang het) i framtida kjem i den stode at den for å gjennomføra turvande og konkrete utvidinger treng meir areal."



FRAMO MARINE PUMPS - CARGO PUMPS - HYDRAULIC SYSTEMS - MARINE GEARS

Som Meland kommune er kjent med, jfr. møte 11.6.81 og brev fra oss 23.6.81, er vi interessert i å erverve det området som vi i 1971 fikk avslag på. Vi har i denne forbindelse satt oss i kontakt med eieren, Johan A. Sudman, for å få en minnelig ordning i stand, slik det gis anvisning på i oreigningslovens §12. Dette har skjedd etter ønske fra kommunen og med kommunens velvilje. Vi viser i denne forbindelse til referat fra møtet 11.6.81 og vårt brev av 23.6.81 som gir en orientering om hva vi hadde tenkt å gjøre i sakens anledning. Olav Flatøy ble kontaktet for å få istand den ordning som var skissert i brevet av 23.6.81. Han stilte seg positiv og var villig til å selge ca. 20 da. av sin eiendom til J.A. Sudmann, slik at han kunne få erstatningsjord - jfr. vårt brev til Olav Flatøy 1.9.81 som De har fått kopi av. Det har dessverre vist seg at herr Sudmann ikke har vært interessert i å selge arealet til oss og at han heller ikke vil gå inn på makeskiftet som har vært foreslått i saken - vi viser i denne forbindelse til vårt brev av 13.1.82 til Dem der vi gjorde oppmerksom på dette

På denne bakgrunn er det at vi nå ber Dem ekspropriere arealet og deretter overdra det til oss. Området har vi tenkt å bruke til videre utbygging av Frank Mohn Flatøy A/S. Til støtte for søknaden viser vi til generalplanen for
./. Meland der dette areal er utpekt til industriområde, jfr. vedlagte kart fra desember 1975, med revisjon oktober 1976. I brev av 6. juli 1979 skriver Miljøverndepartementet til Fylkesmannen vedrørende generalplanen for Meland under avsnitt 4.6. Flatøy:

"Denne bedrifta har dei seinare åra investert mykje på Flatøy, og bedrifta har konkrete planar om vidare investeringar med det første. Kommunen karakteriserar bedrifta som ei nøkkelbedrift, og legg vekt på at fleire arbeidarar ved bedrifta driv gardsbruk ved sida av, og såleides skaffar seg inntektsgrunnlag til å oppretthalda gardsdrifta. Det finst ikkje andre areal i tilknytting til det eksisterandre som høver for vidare utbygging.

Miljøverndepartementet meiner at ein her må leggja avgjerandre vekt på det verd bedrifta har for kommunen og på dei store investeringane som alt er gjort i området, m.a. på areal frigjeve av landbruksstyremaktene i 1971. Etter ei total vurdering finn departementet difor å kunne tilrå utbygging. under foresetnad av at matjord i størst mogleg grad blir teken vare på, eventuelt ved flytting, slik det blei gjort på tidlegare utbygd areal. Vi føreset og at arealet blir dreve som jordbruk inntil utbygging finn stad."

Frank Mohn Flatøy A/S sysselsetter i dag 194 fast ansatte - ytterligere 10 ansatte er på midlertidig kontrakt.

Bedriften har vært i sterk utvikling de siste årene. Produksjonen er sterkt spesialisert og rettet mot å produsere rør og rørkonstruksjoner for kjemikalie- og produktskip. Dette markedet ser nå ut til å stagnere, og vi vil sannsynligvis få en reduksjon i produksjonsvolumet allerede i 1983. For å sikre sysselsettingen ved bedriften, vil vi prøve å kompensere svikten i vår produksjon til skip med en tilsvarende økning av vår offshore-andel.

Vi har i dag utnyttet våre arealer maksimalt og har på mange måter en uhensiktsmessig og kostbar håndtering av materialer. Ved overgang til offshore ville vi blant annet måtte fremskaffe ytterligere utelagring idet disse produktene tar større plass. Vi er av den oppfatning at det er helt nødvendig å skaffe tilleggsareal for å kunne trygge sysselsettingen ved bedriften. Det må være like viktig å bevare arbeidsplassene som å skaffe nye!

Det er nødvendig å få hånd om industriareal til utvidelser i tide. Det er en lang prosess fra det å søke om erverv av et areal til et anlegg er ferdig. Det er for sent å tenke på utbygging/utvidelse når man kan få kontraktene. På den annen side - hvis man ikke har produksjonsapparatet, så kan man heller ikke tilby leveranser eller tjenester. Det er ikke annerledes enn i jordbruket - man må så før man kan høste.

Å drive industri av den typen vi har på Flatøy er en kontinuerlig prosess på investeringssiden. Det stilles stadig krav til bedre utstyr - både maskinelt og bygningsmessig. Vi nevner at vi i årene 1974 til og med 1981 har investert som følger (i millioner kroner):

Investeringer - Flatøy:

| 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 | 1980 | 1981 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.025 | 18.072 | 1.487 | 1.061 | 2.040 | 11.710 | 12.024 | ca. 4.000 |

Diskusjonene med kommunen, J.A. Sudmann og Olav Flatøy har tatt tid. Resultatet av at vi har forsøkt å ordne saken i minnelighet og være hensynsfulle er lik null. Hvis Fylkeslandbruksstyret i 1971 hadde vært mer forutseende, hadde vi sluppet dette tidsspillet. Vi flyttet all matjord for Sudmann der hvor vi i 1971 erverved arealer av hans dyrkede mark, slik at han fikk mer areal igjen i utmarken enn det vi la beslag på i innmarken. Det var på det rene at vi dengang også ville flyttet jorden fra det arealet vi ikke fikk. Vi kan derfor ikke se at jordbruket på gården har lidd, eller ville ha lidd under vårt erverv. Noe ulempe med lenger veg er det riktignok med i bildet, men jordbruksarealet er ikke innskrenket. Vi har gitt J.A. Sudmann tilbud om å flytte matjorden fra det området vi ønsker å kjøpe til et område som skulle overdras fra Olav Flatøy til J.A. Sudmann. Han ville ha blitt skadesløs når det gjelder arealet av dyrkingsjord. Etter vår mening har vi ikke vært i utakt med intensjonene i Jordlovens §§ 53 og 54.

Dessverre har J.A. Sudmann avslått vårt tilbud. Vi har derfor beklageligvis ikke noe annet valg enn å be Meland kommune ekspropriere området for oss.

Vi håper på en hurtig behandling av saken.

Med vennlig hilsen,
pr. pr. FRANK MOHN FLATØY A/S

G. Lien.

P.S. På vedlagte kartblad har vi skissert hvordan vi tenker oss utnyttelsen av arealet.
D.S.

<u>Vedlegg</u>.


Kantine
Prod.
Kontor
Utelager for
RØr
5370
500
550
350
350
210
780
10C
1635
CA 1
TIL NÆRMESTE PUNKT GRENSE
Mulig utvidelse
Byggetrinn 2
Prod.
Byggetrinn 1
KONT
Naustaugen
FLATØY

MOTTEKE
Meland kommuneskanskontor

A.624

# FRANK MOHN FLATØY A/S

POST ................ N-5113 FLATØY - NORWAY
TELEPHONE: .............. BERGEN (05) 35 81 90
TELEX: ............................ 40 201 FRAFL N
BANKERS: DEN NORSKE CREDITBANK, BERGEN

Meland Kommune
v/ordfører H. Wiig-Andersen

5110 FREKHAUG

Deres ref. / Your ref.

Vår ref. / Our ref. GL/lat

FLATØY Norway 13. januar 1982.

./. Vedlagt oversender vi kopi av brev som vi har skrevet til Johan Albert Sudman den 13. januar. Som De vil se har vi nå gitt opp håpet om å få en ordning istand med Sudman på en minnelig måte. Vi kan ikke la det gå vinter og vår før det skjer noe i denne saken. Vi kommer derfor til å fremme en søknad om ekspropriasjon av det området det er tale om.

Vi synes vi har vært tålmodige og har prøvd å få orden på saken på en så skånsom måte som mulig. Når det ikke er gehør, får man gå den ordinære veien via oreigningsloven.

Med vennlig hilsen,
pr. pr. FRANK MOHN FLATØY A/S

G. Lien.

Vedlegg.

# FRANK MOHN FLATØY A/S

POST ................ N-5113 FLATØY - NORWAY
TELEPHONE: .............. BERGEN (05) 35 81 90
TELEX: ............................ 40 201 FRAFL N
BANKERS: DEN NORSKE CREDITBANK, BERGEN

Herr Johan Albert Sudman

5113 FLATØY

Deres ref. / Your ref.

Vår ref. / Our ref. GL/lat

FLATØY Norway 13. januar 1982.

Vedr.: Tilleggsareal for vår industri.

Vi viser til møte den 13.8.81 på Flatøy og til vårt brev av 1.9.81 vedrørende erverv av ca. 10 dekar av Deres eiendom sydøst for vårt industriområde.

I forbindelse med et slikt erverv hadde vi også kontakt med herr Olav Flatøy for erverv av et erstatningsareal for Dem som vi også sa oss villige til å grovskyte, grovplanere, legge jorden utover og planere.

I samme anledning har vi også hatt møte med Meland kommune den 11.6., vi viser her til møterapport av 12.6. som De har fått kopi av.

I sakens anledning sendte vi Dem utkast til kjøpekontrakt, og vi ble enige om en frist De skulle ha til å komme tilbake til saken. Fristen er forlengst overskredet, og vi har flere ganger purret gjennom produksjonssjef Dale. Det er med beklagelse vi nå må notere oss at vi på dette sene tidspunkt har fått beskjed om at De ikke er interessert i den minnelige ordning med makeskifte etc. som vi hadde lagt opp til.

I sakens anledning kan vi derfor bare meddele at vi kommer til å søke kommunen om å få ekspropriere arealet under henvisning til generalplan av 1975 der omtalte areal er satt av som industri-område.

FRANK MOHN FLATØY A/S
5113 Flatøy

Dato: / Date 13. januar 1982 Ark: / Page 2

I denne forbindelse meddeler vi at alle tilsagn i vårt brev av 1.9.81 om kjøring av jord, planering av jord etc. nå er falt bort. Vi har ikke lenger noen plikt på dette punkt og kommer heller ikke til å være behjelpelig med å skaffe noe erstatningsareal.

Dette til orientering.

Med hilsen,
pr. pr. FRANK MOHN FLATØY A/S

G. Lien.

MELAND KOMMUNE
Ordføraren
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Meland formannskap
Tiltaksnemnda
Partileiarar
Nordhordland Tiltakskontor
Teknisk sjef

Dykkar ref.: Vår ref.: Dato 3. juni 1982.

Vi viser til tidlegare utsendt innkalling til møte mandag 7.6.1982, kl. 17.00, vedk. utviding av Frank Mohn Flatøy A/S - erverv av areal.

Møtet er avlyst.

MELAND FORMANNSKAPSKONTOR
Harry Wiig Andersen
ordførar

Jorun Eikevik
sekr.

MELAND KOMMUNE
Ordføraren
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Meland formannskap
Tiltaksnemnda
Partileiarar
Nordhordland Tiltakskontor
Teknisk sjef

Dykkar ref.: Vår ref.: HT/je Dato 1. juni 1982.

INNKALLING TIL MØTE

Vedk. utviding av Frank Mohn Flatøy A/S - erverv av areal.

Nordhordland Tiltakskontor har i skriv d. 1.6.82, bedt om å få koma med ei utgreiing vedk. arbeidsplasstoda i Meland/Nordhordland o.a. (sjå vedlagte skriv d. 1.6.82 frå Nordhordland Tiltakskontor).

De vert med dette beden om å ta del i møte som vert halde

mandag 7. juni 1982, kl. 17.00,

i kantina i kommunehuset på Frekhaug.

MELAND FORMANNSKAPSKONTOR
Harry Wiig Andersen

Helge Thorsen
rådmann

**NORDHORDLAND TILTAKSKONTOR**

AUSTRHEIM – FEDJE – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Bankgiro 3632.07.00102 - Postgiro nr. 5 72 32 18 - Telefon (05) 35 05 59

Deres ref.: Vår ref.: PFH/is Isdalstø, 1.juni 1982.

Meland formannskap,
v/ordførar H. Wiig Andersen,
5110 Frekhaug.

INDUSTRIAREAL PÅ FLATØY

Gjennom bygdebladet Strilen av 27.mai d.å. framkjem det at Meland kommune med det første skal ta stilling til evt. ekspropiasjon av industriareal til utviding for Frank Mohn A/S.

N.T.K. ser det som svært viktig at kommunen legg tilhøva tilrette for den utviding firma Frank Mohn A/S treng.

Etter avisreferatet synes det som formannskapet er delt i synet på denne saka.

Vi har teke kontakt med Meland komm. tiltaksnemnd v/formann Johs. Fosse om saka. Vi er samde om at ei negativ innstilling til vidare utviding av industriarealet på Flatøy, vil venteleg få store fylgjer for Meland og Nordhordland.
Vi torer difor be om å få koma med ei utgreiing om den aktuelle situasjonen i distriktet omfattande:

1. Arbeidet med å få oppretthalda utbyggingsstatus for Meland.
2. Behov for nye arbeidsplassar i Meland.
3. Arbeidet med å skaffa nye arbeidsplassar i Nordhordland.
4. Arbeidssituasjonen i regionen.
5. Andre særtilhøve.

Då statsmaktene vurderer dei disposisjonar som distriktet tek til dei ymse utbyggingstilbod, ser N.T.K. det sers viktig å få eit møte med Meland formannskap, partileiarane, Meland komm. tiltaksnemnd og N.T.K. før saka vert teken opp i Meland kommunestyre.

Ein vil i dette sammøte gjera nærare greie for dei framanfor nemnde moment til saka.

Vi ventar å høyra frå Dykk om evt. tid og stad for gjeldane møte.

Med helsing
NORDHORDLAND TILTAKSKONTOR

Per Fr. Hillestad
tiltakssjef.

MELAND KOMMUNE
Kontorsjefen
5110 FREKHAUG
TLF. (05) 358052

Adv. Yngve Borthen,
Postboks 4132,

5015 BERGEN.

Dykkar ref.: Vår ref.: HT/je Dato 1. juli 1982.

Vedk. erverv av grunn frå Johan A. Sudmann til Frank Mohn Flatøy A/S.

Viser til Dykkar skriv, d. 10.6.82, der De m.a. omgåande ynskjer ei orientering vedk. ovannemnde.

Meland kommune skal primo august d.å. ha drøftingar med Frank Mohn Flatøy A/S i saka der event. erverv og vilkåra for erverv skal diskuterast.

Nærare opplysningar om event. ervervsmåte og vilkår vil ein difor koma attende til etter dette møtet.

Dette til orientering.

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

Kopi: Johan A. Sudmann, 5113 Flatøy.

Johan A. Sudmann,
5113 FLATØY.

HT/geb　　　　　　Frekhaug, 14. mai 1982.

<u>Vedk. utviding av Frank Mohn Flatøy A/S - erverv av grunn.</u>

Meland kommune har i skriv d. 26.03.82 motteke formell søknad om ekspropriasjon av parsell av gnr. 1, bnr. 1, i Meland (sjå vedlegg).
Ein vil vise til tidlegare samtale i saka, der ein var samde om å informere Dykk om den vidare utviklinga i saka.
Etter at skrivet frå Frank Mohn Flatøy A/S vart motteke, har ein administrativt klarlagt den vidare saksgangen. Likeeins har ein drøfta saka med Frank Mohn A/S.

Rådmannen vil fremme saka for formannskapet i møte 19.05.82, der formannskapet/kommunestyret vil verta inviterte til å gjera vedtak om at ein "tek sikte på å erverve" omsøkte areal. Dvs. at det førebels ikkje vert gjort vedtak om ekspropriasjon. Deretter vil ein tinge med grunneigarane om ei rimeleg ordning. Dersom dette ikkje førar fram, vil det evnt. bli fremma forslag om ekspropriasjon.
Dette til orientering.

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

Vedlegg.

MOTTEKE
23 MAI 1979
Meland formannskapskontor

INTERNT

A.624

# FRANK MOHN A/S

P.O. BOX 98 ........ N-5051 NESTTUN - NORWAY
TELEPHONE: ................. BERGEN (05) 10 06 00
TELEX: ...................................... 42 078
CABLE: ................................. FRAMOH
BANKERS: DEN NORSKE CREDITBANK, BERGEN

Meland Kommune
v/ordfører Fosse
5110 FREKHAUG

Deres ref.
Your ref.

Vår ref.
Our ref. FM/EG

BERGEN
Norway 23. mai 1979

Jeg henviser til vår samtale i dag angående areal på Flatøy, tidligere bestemt som industriområde, og det eneste tilstøtende område for en nødvendig videre utbygging av firmaets industri på øyen.

Det siste bebyggelige område innenfor firma Frank Mohn Flatøy A/S grenser blir nå utnyttet med en ny hall for stålbehandling som med utstyr er kostnadsberegnet til Kr. 12 mill. Eksisterende bygninger på tomten blir rasert og nybygget er et ledd i våre planer for å bringe denne del av produksjonen inn i et miljøvennlig og rasjonelt mønster. Med de krav som er i dag til trivsel og plass for bevegelse i en moderne industribedrift, finnes der innenfor firmaets område nå ikke én kvadratmeter for videre utvidelse.

Helt fra firmaet ble startet her ute som D.U.-støttet bedrift, har det tilstøtende område vært øremerket for videre utbygging av vår industri, og vi har i alle år hørt at landbruksmyndighetene var villige til å la det bli industriområde når behovet var til stede. Fra en beskjeden begynnelse er denne meget viktige avdeling av vårt industrikonsern blitt en bedrift med 150 sikre arbeidsplasser. Til tross for at vår bransje generelt har hatt snart 4 års depresjon, er våre bedrifter i fremgang og har i samme tidsrom doblet sin arbeidsstyrke. Vi teller i dag ca. 500 mennesker. Vår produkter, som er sikre og miljøvennlige pumpesystemer for skip, oljevernutstyr, pumper for lagring av olje i fjellanlegg, er i en ledende posisjon verden over og gir landet på årsbasis ca. 200 millioner kroner i valutainntekter. Anlegget på Flatøy er det første ledd i vårt produksjonsopplegg , håndterer store mengder materialer og vil alltid være mer og mer plasskrevende.

Hvis myndighetene nå begrenser enhver videre utvidelse, vil det få katastrofale følger for bedriften og konsekvenser som vi i dag ikke tør uttale oss om. Enhver bedrift med fremgang som produserer rasjonelt og som har et arbeidsvennlig miljø, vil trenge mer plass, og vi betrakter det som løftebrudd fra offentlighetens side om arealet nå blir strøket som industriområde.

../......

**FRANK MOHN A/S**
*Postboks 98 — N - 5051 Nesttun*



Ved en tidligere ervervelse av areal på Flatøy fra samme grunneier kostet vi opparbeidelse av nytt dyrkingsareal tilsvarende det ervervede areal. Kostnadene av dette arbeide var det dobbelte av det vi betalte for avstått areal. Slik saken står i dag er vi forpliktet til å underrette Distriktenes Utbyggingsfond og Industridepartementet, og vi må be om at en avgjørelse ikke skjer før saken er belyst, ikke bare fra en side, men også at alle momenter kommer inn.

Vennlig hilsen
FRANK MOHN A/S

Frank Mohn

FOTOKOPI

Hordaland
26 JULI 1971
landbruksselskap

DET KONGELIGE LANDBRUKSDEPARTEMENT

KONTOR: AKERSGT. 42 - TLF. 11 90 90 - RIKSTELEFONER OG FJERNVALG TLF. (02) 41 79 00
POSTADRESSE: OSLO-DEP. OSLO 1

Hordaland fylkeslandbruksstyre
Rådstuplass 3
5000 BERGEN

Deres ref. | Vår ref. (bes oppgitt ved svar) 2653/71 JA KS/MV | Dato 23 juli 1971

OREIGNING AV CA 20 DEKAR FRA GNR. 1, BNR. 1, FLATØY I MELAND

Meland kommunestyre vedtok i møte 24. februar 1971 å ekspropriere felt 2 på gnr. 1, bnr. 1 i Meland. Saken ble deretter forelagt fylkeslandbruksstyret som i møte 21. april 1971 vedtok å gå imot at det dyrkede arealet på ca 10-11 dekar av nevnte felt blir solgt eller fradelt eiendommen.

Fylkeslandbruksstyrets vedtak er påklaget til Landbruksdepartementet av Flatøy industri A/S, jfr. dokument 19 og 20.

Departementet bemerker at fylkeslandbruksstyrets vedtak i denne sak må betraktes som en uttalelse i henhold til oreigningslovens § 12, jfr. § 30. Vedtaket er derfor ikke gjenstand for klage til Landbruksdepartementet når det gjelder sakens realitet.

De mottatte dokumenter følger vedlagt.

Etter fullmakt

Karl Normann

Per M. Solheim

UTSKRIFT av Hordaland fylkeslandbruksstyre si møtebok
frå møte 7/7 1971.

Oreigning av ca. 20 da frå gnr. 1, bnr. 1, Flatøy i Meland - Klage.

Eigar: Fredrik Sudmann.

I saka ligg føre 22 dokument etter dokumentlista.

Saka vart handsama av fylkeslandbruksstyret i møte 21/4 -71, og vi viser til fylkeslandbruksstyret si møtebok frå det nemnde møtc

I klaga er m.a. vist til advokat Wilh. Haaland sitt skriv frå 16/2 -71 til Flatøy Industri A/S. Dette skrivet er slik:

"Fredrik Sudmann har henvendt seg til meg i anledning spørsmålet om ekspropriasjon av felt 2 fra hans eiendom gnr. 1, bnr. 1 i Meland.

Han har fra Dem fått oversendt et forslag til kjøpekontrakt under ekspropriasjonstrusel, som han ikke har funnet akseptabel.

Han drøftet saken med sin familie, og de er liten lysten på å la seg ekspropriere vekk fra dette området.

Forholdet er at han idag driver en gård med ca.

11 kyr,
+ ungdyr.

Felt 2 er den absolutte mest verdifulle del av innmarken hans og sikkert noget av det mest produktive jord som finnes i Hordaland.

Hvis dette området blir tatt fra gården hans, må han se i øynene at det ikke lenger blir noen levevei på gården.

Det er derfor veldig vanskelig å komme til noen ordning med Fredrik Sudmann, fordi han selv har overtatt slektsgården og har vanskelig for å medvirke til at den ikke går videre i slekten.

På den annen side er han selvfølgelig som herrestyremedlem i Meland i en vanskelig situasjon i og med at han er klar over kommunens behov for at industrien får utviklingsmuligheter.

Jeg tror at man bør kunne komme frem til en ordning, men man må finne en pris som gjør det tillokkende for Sudmann å avstå arealet.

I 1965 kjøpte Meland kommune et område av gården hans til utvidelse av veien frem til industriarealet deres.

Den gangen var prisen avtalt til

kr 9,-,
pr. $m^2$.

Bortsett fra at Meland kommune ennå ikke har betalt beløpet, slik at det er påløpt renter, gir vel dette en indikasjon prisen i området.
Med 6% rente og rentesrente fra 1955 er vel da prisen idag over

kr 12,-, pr. $m^2$.

Ved utvidelsen av veien på Halhjem representerte jeg en av grunneierne der. Han fikk erstatning med

kr 14,-, pr. $m^2$

for dyrket mark basert på jordbruksverdien. Forholdet var at han hadde ført prøveregnskaper for statistisk sentralbyrå og kunne godtgjøre hvilken avkastning han hadde hatt av marken.

Jeg har vært på Fredrik Sudmanns eiendom og sett på boniteten der og den står ikke tilbake for jorden på Halhjem.

Jeg vil foreslå for at man skal kunne komme frem til en ordning her at Fredrik Sudmann avstår hele felt 2 ca. 16,8 da for en $m^2$ pris på

kr 15,-, pr. $m^2$ under ekspropriasjonstrusel.

Jeg bygger da på at det er 160 m strandlinje og det er den absolutte beste delen av gården hans som blir tatt fra ham uten noen ulempeserstatning for gjenværende eiendom.

Vi forutsetter at kjøperen betaler omkostningene ved overdragelsen.

Jeg hører gjerne fra Dem om et slikt forslag har interesse for Dem, i så fall vil jeg forsøke å få Fredrik Sudmann til å akseptere det ut i fra den tanken at han som herrestyremedlem i Meland bør være interessert i å få industriutviklingen igang i kommunen.

Jeg går ut fra at det vil være i begge parters interesse at han som gårdbruker kan gjødsle og høste den marken som De ikke bruker frem til det er aktuelt for Dem å ta eiendommen i bruk til industriområde.

Jeg skulle tro at med den beliggenhet eiendommen har med 160 meters strandlinje,ferdig opparbeidet bilvei langs eiendommens grenser vil en ekspropriasjonserstatning komme til å ligge omkring denne prisen.

Det ville jo være det hyggeligste for begge parter om man kunne oppnå en mindelig ordning og man ville spare tid og ekspropriasjonsomkostninger.

Jeg hører gjerne fra Dem."

14/5 -71 har Flatøy Industri A/S skrive slik klaga til Landbruksdepartementet:

"Oreigning av ca. 20 da frå g.nr. 1, b.nr. 1, Flatøy i Meland.

Vi har mottatt Deres brev av 22.4. vedrørende ovennevnte sak. Det fremgår av brevet og vedlagte dokumenter at Hordaland Fylkeslandbruksstyre i møte av 21.4.d.å. gjorde slikt vedtak:

"Vedtak:

Fylkeslandbruksstyret vil ikkje sette seg imot at ein del av det omsøkte arealet, parsellen mellom det dyrka arealet og sjøen, vert oreigna eller selt til Flatøy Industri A/S, og frådelt g.nr. 1, b.nr. 1.
Fylkeslandbruksstyret går imot at det attverande arealet, ca. 10 - 11 da vert oreigna eller selt og frådelt g.nr. 1, b.nr. 1."

Vedtaket er en skuffelse for oss fordi vi hadde regnet med å få erverv felt nr. 2 av ovennevnte gård.

Vi må også beklage at ekspropriasjon nå er kommet inn i bildet og at det dermed ser ut som om firmaet tvinger seg frem med sine ønsker. Slik var nemlig ikke saken til å begynne med. Da vi i sin tid kjøpte industriarealet fra Meland kommune fikk vi faktisk lovnad på dette området. Dette var i 1965-66. Av den tidligere ordfører i Meland kommune og formann i Tiltaksnemnda ble vi lovet at vi kunne få erverve tilleggsareal på Fredrik Sudmanns eiendom dersom vi måtte trenge det. Her Sudmann var innforstått med dette og hadde ovenfor de to nevnte herrer sagt seg villig til å avhende det areal vi måtte ønske å kjøpe. Vi legger i den forbindelse ved brev av 13. nov. 1970 som vi skrev til Meland kommune og som kommer inn på denne saken.

Likeledes legger vi ved erklæring fra Meland kommune datert 3. nov. 1970 hvor kommunen erklærer at det vil bli tatt tilbørlig hensyn til de behov Flatøy Industri A/S måtte ha for fremtidig arealutvidelse.

Da vi kontakter herr Sudmann i vinter sa han seg i første omgang også villig til å avhende arealet uten at spørsmålet om ekspropriasjon ble bragt inn. Det ble diskutert med herr Sudmann om man kanskje skulle kjøpe felt nr. 2 oppdelt, nemlig den første halvpart i første omgang og siden resten av arealet.

Det var herr Sudmann selv som foreslo at hele arealet skulle overdras til oss nå, men under ekspropriasjonstrusel. Vi legger i den forbindelse ved brev fra adv. Wilhelm Haaland, datert 17. febr. og gjør spesielt oppmerksom på det avsnitt på side 2 som er innrammet med blekk

Vi ville blitt spart for minst 3 måneders tidstap hvis ikke spørsmålet om ekspropriasjon hadde blitt bragt inn. For vår del er vi også mest interessert i å erverve hele felt 2 på ca. 20 da, bl.a. fordi vi ovenfor våre långivere har gjort oppmerksom på at vi hadde anledning til å erverve det areal vi trengte og vi kunne derved by våre långivere bedre sikkerhet for lånene.

Vi er oppmerksom på at det er det Kongelige Landbruksdepartementet som har det siste ord i saken uansett hvilke løfter vi måtte ha fått fra kommunen og andre.

Ekspropriasjon av området ble vedtatt i Meland herredsstyre den 24.2. etter at herr Sudmann hadde sagt seg villig til å selge under ekrpropriasjonstrusel, - se brevet fra kommunestyret av 28.2 til jordstyret. Ekspropriasjonen er blitt tilrådet av jordstyret i kommunen den 18.3.

Vi ønsker fremdeles å erverve området og det er flere grunner til at dette bør skje. I tillegg til det som er nevnt foran vil vi vise til en artikkel i Bergens Tidende for ca. 14 dagers tid tilbake hvor ordføreren i Meland kommune kommer inn på gjennomsnittsinntekten i kommunen. Han refererte til årsmeldingen fra tiltakskontoret som viser at gjennomsnittsinntekten i 1969 var kr 10.118,- pr. skatteyter, mens gjennomsnittsinntekten i Nordhordland forøvrig var kr 12.629,-. For Hordaland var gjennomsnittsinntekten kr 17.151,-. Ved Flatøy Industri A/S ligger fortjenesten for de ansatte langt over gjennomsnittet for Hordaland. Når Meland kommune har en så lav gjennomsnittsinntekt pr. skatteyter, var det i aller høyeste grad ønskelig at det måtte komme industri til området som kunne gi bedre lønnsomt arbeid for befolkningen i kommunen, - ifølge ordføreren. Vi vet jo at dette er en kommune som har en svært dårlig økonomi og det vil være av den største betydning at den får gode bedrifter. Såvidt vi vet er vår bedrift den største i Meland kommune og den er en pionerbedrift i kommunen når det gjelder mekanisk industri.

Dersom avgjørelsen i Hordaland Fylkeslandbruksstyre må tacs til følge betyr det at vi faktisk er avskåret fra å utvide industriareale i fremtiden. Vi må tolke avgjørelsen slik at det blir satt bom for videre avhendelse fra ovennevnte gård, jfr. siste setning i vedtaket til Fylkeslandbruksstyret. I såfall vil dette slå ben under de forsikringer kommunen tidligere har gitt oss om erverv av nødvendig industriareal. I tiltro til disse forsikringer har vi gått inn for en ekspansjon av bedriften på Flatøy. Vi har nylig kunnet reise nødvendig kapital til en slik ekspansjon. Vi viser til vedlagte søknad om lån til Distriktenes Utbyggingsfond. Søknaden, som er av 15. juni 1970, inneholder finansieringsplan for den påtenkte utvidelse.

Vi vedlegger også kopi av brev av 8. okt. 1970 til Distriktenes Utbyggingsfond hvor de produkter som vi skal være med å produsere er omtalt. Det kan være verdt å nevne i denne forbindelse at vårt moderfirma Frank Mohn A/S i 1971 regner med å ha en omsetning på 36 millioner kroner, hvorav ca. 60% eksporteres. For 1970 var omsetningen 28 millioner kroner.

Det er på grunn av den kraftige stigning i omsetningen fra år til år at vi har funnet det nødvendig å gå til en utbygging av bedriften på Flatøy. Uten en slik ombygging vil vårt moderfirma Frank Mohn A/S, som står som eksportør, ikke kunne møte sine forpliktelser for de nærmeste årene. Det er forhåndssolgt produksjon like frem til 1973-74 for ca. 60 millioner kroner.

Fra Distriktenes Utbyggingsfond har vi fått tilsagn om lån på kr 1,1 million. Likeledes tilsagn om tilleggslån på kr 250.000,- og tilskott til opplæring på kr 100.000.-.

Det følger vedlagt kopi av brev fra Distriktenes Utbyggingsfond datert 22.12.70 samt av brev datert 2.3.1971 som viser dette.

Fra Strukturfinans har vi fått tilsagn om lån på kr 500.000,-, jfr. vedlagte fotokopi datert 18. nov.1970 og fra forsikringsselskapet Vesta har vi fått tilsagn om et like stort beløp, jfr. vedlagte fotokopi av brev datert 29.10.1970.

Firma Frank Mohn A/S har skutt inn ny aksjekapital i Flatøy Industri A/S nå i vår med kr 565.000,-, jfr. vedlagte fotokopi av anmelding til Sorenskriveren i Nordhordland.

Våre utbyggingsplaner som fremgår av vedlagte fotokopier forteller bare om etappe nr. 2 i utbyggingen av FlatøyIndustri A/S. Imidlertid, med den stigning som finner sted i salget, regner vi med at ytterliger utbygging vil presse seg frem. Hvis vi allerde nå skal oppleve at det blir satt stopp for ekspansjonen med hensyn til arealutvidelse, er det betenkelig å sette igang allerede den 2. etappe som er omtalt foran. Utbyggingen må nødvendigvis stilles i bero til vi får en avgjørelse fra Departementet i denne saken. Vi ber Dem ha dette for øye slik at vi får et minst mulig tidstap,dvs. vi ber Dem være vennlig å fremme saken snarest mulig.

Vi vil til slutt nevne at vi ikke har noe imot at herr Sudmann driver den del av arealet som jordbruk som vi ikke har lagt beslag på til enhver tid selv om arealet er blitt avhendet til oss.

Vi ber derfor, på bakgrunn av det som er anført foran, om at vedtaket til Fylkeslandbruksstyret må bli gjort om og at vedtaket i Meland herredsstyre av 24.2.1971 må blir gjort gjeldende."

Ordføraren i Meland har 10/6 -71 skrive slik til landbruksselskapet:

" Sak: Klage frå Flatøy Industri A/S,
Vedk. oreigning av ca. 20 da frå gnr. 1, bnr. 1 i Meland.

Flatøy Industri A/S , er den største verksemda i vår kommune, og kan i dag utvida om tilhøva vert lagt tilrette.
For kommunen er det av største verdi å få fleire arbeidsplassar, og då grunneigaren såg det best å overdra heile arealet i ein eingong, har kommunen gjort sitt vedtak i samsvar med dette.
Elles er det opplyst at det meste av jordbruksarealet ikkje vil verta rørt dei første åra. Viser til ymse vedlegg i saka, og har utover dette ikkje noko å merkja. "

Fylkeslandbruksstyret delte seg i eitt fleirtal og 2 mindretal.

Fleirtalet ( Dalland, Habbestad og Skage ) vil gjera desse merknader.

Fleirtalet kan ikkje sjå at det i klaga er kome fram opplysningar som viser at verksemda ( Flatøy Industri A/S ) ikkje skulle ha turvande areal med det som vart frigjeve av fylkeslandbruksstyret i møte 21/4 -71. Fylkeslandbruksstyret kan difor ikkje sjå at det ligg føre samfunnsmessige interesser av større vekt som talar for å gå inn for frådeling ( ved oreigning eller eventuelt sal) av heile det omsøkte areal. Fylkeslandbruksstyret vil likevel nemna at dette ikkje er til hinder for at fylkeslandbruksstyret vil ta opp saka til ny handsaming dersom Flatøy Industri A/S i framtida kjem i den stode at den for å gjennomføra turvande og konkrete utvidingar, trenç meir areal.

Mindretalet ( Kartveit) vil gjera desse merknader:

Mindretalet kan ikkje sjå at det i klaga er kome fram opplysningar som viser at verksemda ( Flatøy Industri A/S) ikkje skulle ha turvande areal med det som vart frigjeve av fylkeslandbruksstyret i møte 21/4 - 1971. Mindretalet kan difor ikkje sjå at det ligg føre samfunnsmessige interesser av større vekt som talar for å gå inn for frådeling ( ved oreigning eller eventuelt friviljug sal) av heile det omsøkte areal.

Mindretalet ( Aurdal ) vil gjera desse merknader:

Vedtaket i Meland heradsstyre den 24/2 - 71 i nemnde sak vert godkjend. Dette under føresetnad av at arealet vert nytta til jordbruks produksjon så lenge det ikkje føreligg konkrete utbyggingsplanar frå Flatøy Industri A/S.

Vedtak med 4 mot 1 røyst:

Fylkeslandbruksstyret held fast på vedtaket sitt frå 21/4 - 71

Rett utskrift

HORDALAND LANDBRUKSSELSKAP
Fylkeslandbruksstyret

Mentz Hauge
juridisk konsulent

3a 1/1

**KOPI**

Postboks 292, 22/4 - 1971

MH/CH

<u>Rekommandert</u>

60
1971

Herr Fredrik Sudmann, 5113 Flatøy.
Flatøy Industri a/s, 5113 Flatøy.

Oreigning av ca. 20 da frå gnr. 1, bnr. 1, Flatøy i Meland.

---

Saka vart handsama av Hordaland fylkeslandbruksstyre i møte 21/4 d.å. Utskrift av fylkeslandbruksstyret si møtebok ligg ved.

Vi gjer merksam på at De truleg kan klaga til Landbruksdepartementet over fylkeslandbruksstyret sitt vedtak frå 21/4 d.å. Slik klage skal setjast fram for Hordaland fylkeslandbruksstyre. Fristen for å klaga er 3 veker frå melding om fylkeslandbruksstyret sitt vedtak er kome fram til Dykk, sjå elles kapittel VI i forvaltningslova frå 10/2 - 1967, og bolk III i lov frå 19/6 - 1969 (nr. 54) om ikrafttreden av forvaltningslova.

Etter fullmakt

Paul E. Moberg

Mentz Hauge

6c
127

UTSKRIFT av Hordaland fylkeslandbruksstyre si møtebok frå møte 21/4-1971.

Oreigning av ca. 20 da frå gnr. 1, bnr. 1, Flatøy i Meland.

Eigar: Fredrik Sudmann.

I saka ligg føre 5 dokument etter dokumentlista.

Meland kommune har 28/2 -71 skrive slik til jordstyret:

"Vedk. oreigning av gnr. 1, bnr. 1, Flatøy i Meland.
Frå Flatøy Industri A/S har Meland kommune fått skriv om at dei tre tilleggsareal for utviding av ny verkstadhall.
For å imøtekoma industrien sitt ynskje, har kommunen lagt saka fram for eigaren av ovannemnde bruk. Fredrik Sudmann har sagt seg villi til å selja under ekspropriasjonstrugsel, og i kommunestyremøte den 24.2.71 vart det gjort vedtak som vedlagde utskrift viser. Då det hastar med saka, ber me om jordstyret kan handsama saka snarast."

Utskrift frå Meland kommunestyre si møtebok frå møte 24/2 - 1971 er slik:

"Oreigning av eit felt av gnr. 1, bnr. 1 i Meland, eigar Fredrik Sudmann.
Ein viser til formannskapssakene nr. 2/71 og nr. 18/71:
Låg føre slikt brev, dagsett 15.2.1971 frå Flatøy Industri A/S:
"Viser til tidligere henvendelse til kommunen vedrørende kjøp av tilleggsareal for nødvendig utbygging ved vår bedrift samt til vedtak i Meland formannskap 3/2 d.å. vedr. samme sak.
Direkte forhandlinger mellom partene har ikke ført til noe positivt resultat, og vi tør derfor be om at kommunen snarest tar de nødvendi skritt for å bringe denne saken iorden."
Samrøystes vedtak:
Meland kommunestyre vedteke å oreigna felt 2 på gnr. 1, bnr. 1 i Meland tilhøyrande Fredrik Sudmann, Flatøy. Arealet er ca. 16.8 (20) dekar stort. Formannskapet får fullmakt til å ordna med oreigning evt. inngå avtale med Fredrik Sudmann under oreigningstrugsel.
Ordføraren får fullmakt til å søkja om grunnkjøpsobligasjonar til oppgjer av kjøpesummen og å selja arealet vidare til Flatøy Industri A/S. Grunnkjøpsobligasjonane vert opptekne etter annuitetsprinsippet over 15 år."

Heradsagronomen har 22/3 -71 gjeve slik utgreiing:

"Jordbrukstilhøva på gnr. 1, bnr. 1 Flatøy i Meland.
Eigar: Fredrik Sudmann.
Bruket har 78 dekar jordbruksareal og over 100 dekar utmark. Arealet er oppmålt på det økonomiske kartet i M. 1 : 5.000, og fleire grenseliner i utmarka mangla.
15 dekar av jordbruksarealet er lettdreven dyrka jord av god kvalitet, 3 dekar er anna fulldyrka jord, 35 dekar er overflatedyrka jord og 25 dekar er gjødsla beite. Utmarka er grunnlendt og av dårleg bonitet.

Husa på bruket er bra.
Brukaren leiger ca. 25 dekar dyrka jord av ein granne.
Brukaren lever av gardsdrifta, og bruket før no 10 kyr + oppdrett og 10-15 vinterfora sauer."

I møte 18/3 - 1971 har jordstyret gjeve slik fråsegn:

"Sak 5. Søknad frå Meland kommune om oreigningsløyve av ca. 16.8 dekar av gnr. 1, bnr. 1 Flatøy.

Vart lese utskrift av møteboka frå Meland kommunestyre.
Jordstyret føretok så synfaring.
Kommunen har gjort vedtak om å oreigna ca. 20 dekar av eigedommen til Fredrik Sudmann, Flatøy. Av dette arealet er 12.8 dekar god dyrka jord. Resten er berglendt tereng som er falt til industri.

Samrøystes vedtak:

Då Flatøy industri pressar på og må utvida verkstaden, ser jordstyret det slik at det føreligg tvingande grunn for at kommunen får oreigna av eigedomen til dette førenålet.
Det industribygget som skal reisast i første omgang, og som det hastar svært på, vil verta på berglendt tereng. Dette arealet kan jordstyret tilråda vert selt til formålet.
Industrien har planar om vidare utbygging seinare, og denne vil måtte trengja utover det dyrka arealet. Ein må og rekna med skade på den dyrka jorda ved opparbeiding av det no påtenkte bygget. Då både grunneigar og industrieigar er interessert i å forhandla om heile arealet, er det ting som talar for at dette kan vera det rette, og grunneigaren skal i så fall få nyttiggjera seg resten av arealet til påemna industribygg vert reist."

Fylkeslandbruksstyret vil uttale:

Gnr. 1, bnr. 1 er etter tilhøva eit godt bruk i god drift. Men bruket har ikkje meir dyrka jord enn det treng om det skal haldast oppe som familiebruk.

Teigen som er søkt frådelt ved oreigning, eller ved sal under trugsmål av oreigning, er av skiftande bonitet. Arealet mellom den lettdrivne dyrka jorda og sjøen, har liten eller ingen jordbruksinteresse. Fylkeslandbrukssjefen, som har vore på synfaring, fekk opplyst under synfaringa at det var dette uproduktive arealet som skulle nyttast som tuft for det nye industribygget, og fylkeslandbruksstyret har ingen innvendingar mot at dette arealet vert frådelt og nytta til det omsøkte formålet. For å kunne gje denne parsellen skikkeleg arrondering er det ikkje til å unngå at litt dyrka jord går med i grenseområde mot den dyrka teigen.

Men fylkeslandbruksstyret vil sette seg i mot at det dyrka arealet som vert att, ca. 10 - 11 da vert frådelt gnr. 1, bnr. 1. Ei slik frådeling vil ikkje vere driftsøkonomisk forsvarleg og bruket skal drivast. Såvidt ein kan skjøna vil også Flatøy Industri A/S få det areal som trengs til den nye industrihallen med det arealet ein ovanfor har gjeve samtykke til.

Vedtak:

Fylkeslandbruksstyret vil ikkje sette seg imot at ein del av det omsøkte arealet, parsellen mellom det dyrka arealet og sjøen, vert oreigna eller selt til Flatøy Industri A/S, og frådelt gnr. 1, bnr. 1.

Fylkeslandbruksstyret går imot at det attverande dyrka arealet, ca. 10 - 11 da vert oreigna eller selt og frådelt gnr. 1, bnr. 1.

Rett utskrift:

HORDALAND LANDBRUKSSELSKAP
Fylkeslandbruksstyret

Mentz Hauge
juridisk konsulent

MELAND JORDSTYRE

Telefon [illegible]
[illegible] i Åsane

5080 Eidsvåg i Åsane, [illegible]/3 1971.

Til Hordaland landbruksselskap,
Bergen.

Jordbrukstilhøva på gnr.1, bnr.1 Flatøy i Meland. Eigar Fredrik Sudman

Bruket har 78 dekar jordbruksareal og over 100 dekar utmark.
Arealet er oppmålt på det økonomiske kartet i M. 1 : 5.000, og fleire
grenseliner i utmarka mangla.
15 dekar av jordbruksarealet er lettdreven dyrka jord av god kvalitet
3 dekar er anna fulldyrka jord, 35 dekar er overflatedyrka jord og
25 dekar er gjødsla beite. Utmarka er grunnlendt og av dårleg bonitet

Husa på bruket er bra.
Brukaren leiger ca. 25 dekar dyrka jord av ein granne.
Brukaren lever av gardsdrifta, og bruket før no 10 kyr + oppdrett og
10-15 vinterfora sauer.

For Meland jordstyre,

Sigmund Austegard.

Vedlegg.

MELAND JORDSTYRE

Telefon 56 040
Eidsvåg i Åsane

5080 Eidsvåg i Åsane, 22/3 1971

Til Hordaland landbruksselskap,
Bergen.

Utskrift av møteboka for Meland jordstyre frå møte 18.mars d.å. :

Sak 5. Søknad frå Meland kommune om oreigningsløyve av ca. 16,8 dekar av gnr.1, bnr.1 Flatøy.

Vart lese utskrift av møteboka frå Meland kommunestyre.
Jordstyret føretok så synfaring.
Kommunen har gjort vedtak om å oreigna ca.20 dekar av eigedomen til F Fredrik Sudmann,Flatøy. Av dette arealet er 12,8 dekar god dyrka jord Resten er berglendt tereng som er falt til industri.

<u>Samrøystes vedtak</u> :

Då Flatøy industri pressar på og må utvida verkstaden, ser jordstyr det slik at det føreligg tvingande grunn for at kommunen får oreign av eigedomen til dette formålet.
Det industribygget som skal reisast i første omgang, og som det hastar svært på, vil verta bygt på berglendt tereng. Dette arealet kan jordstyret tilråda vert selt til formålet.
Industrien har planar om vidare utbygging seinare, og denne vil måtta trengja utover det dyrka arealet. Ein må og rekna med skade på den dyrka jorda ved opparbeiding av det no påtenkte bygget. Då både grunneigar og industrieigar er interessert i å forhandla om heile arealet, er det ting som talar for at dette kan vera det rette, og grunneigaren skal i så fall få nyttiggjera seg resten av arealet til påemna industribygg vert reist.

Rett utskrift.

For Meland jordstyre,
Sigmund Austegard,
heradsagr.

Fredrik Stedmann, gnr 1 bnr 1 Flatøy

Areal oppmålt etter det økonomiske kartet i målestokk 1 5000

| Signatur | Dekar |
| --- | --- |
| = A | 15.5 dekar |
| = B | 3 " |
| ⩡ | 35 " |
| ⊻ | 25 " |
| | = 78,5 dekar |

Areal vest for vegen mellom Flatøy industri og bygdevegen 15,5 dekar dyrka jord og 2,5 dekar overflatedyrka jord. = 18 dekar dyrka jord.
~~Ekspropr.~~
Oreigninga gjeld ca 20 dekar herav er 12,8 dekar dyrka = A.


Garhaugen
38,2
Bast-åkeren
Klungerhaugen
Br.
Pp. 514
24,57
Pp. 513
25,27
Pp 512
28,96
Pp 511
22,40
Solhaug
Nyåkerbotten
Trafo
FLATØY
1/1
1/118
1/41
1/44
1/32
21,8
8,3
20,5
22,9
ØS1

AG 059-1-10

**S æ r u t s k r i f t**

**av møte i Meland kommunestyre 24.2.1971.**

**Av kommunestyret sine 21 medlemer var 18 til stades.**

Sak nr.**37.**

Oreigning av eit felt av gnr.1 bnr.1 i Meland, eigar Fredrik Sudmann.

Ein viser til formannskapssakene nr. 2/71 og nr.18/71:
Låg føre slikt brev, dagsett 15.2.1971 frå Flatøy Industri A/S:"
Viser til tidligere henvendelse til kommunen vedrørende kjøp av tilleggsareal for nødvendig utbygging ved vår bedrift samt til vedtak i Meland formannskap 3/2 d.å.vedr. samme sak.
Direkte forhandlinger mellom partene har ikke ført til noe positivt resultat og vi tør derfor be om at kommunen snarest tar de nødvendige skritt for å bringe denne saken iorden."

Samrøystes vedtak:"

Meland kommunestyre vedtek å oreigna felt 2 på gnr.1 bnr.1 i Meland tilhøyrande Fredrik Sudmann Flatøy. Arealet er ca.16.8(20)dekar stort.
Formannskapet får fullmakt til å ordna med oreigning evt. inngå avtale med Fredrik Sudmann under oreigningstrugsel.
Ordføraren får fullmakt til å søkja om grunnkjøpsobligasjonar til oppgjer av kjøpesummen og å selja arealet vidare til Flatøy Industri A/
Grunnkjøpsobligasjonane vert opptekne etter annuitetsprinsippet over 15

**Rett utskrift.**

Vert send ordførar Johs.H.Fosse til vitring. Særutskrift er i dag send Fredrik Sudmann og Flatøy Industri A/S.

**Meland formannskap** ,4.3.1971.

Bergljot Vindegard
sekr.